



Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/151455-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.12.2017

Løyve på vilkår – Fv. 414 – Avkøyrsløse – Gnr. 23 bnr. 13 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 14.09.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrsløse frå Fv. 414 til frådelt parsell av gnr. 23 bnr. 13 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsløse skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 23.03.2017. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld ei bueining.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsløse skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkøyrsløse*).
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsløse skal vere 5,5 – 6m (sjå *Krav til utforming*).
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsløse skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsl*.
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd avkøyrsl*/underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
11. Kommunen skal ikkje gjennomføre deling / kartforretning før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 350. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*. Krav til utforming er gitt etter ei samla vurdering av tilhøva på staden. Plassering av avkøyrsla skal vere i samsvar med situasjonsplan datert 23.03.2017, evt. med mindre tilpassing etter lokale forhold.

Vi gjer merksam på at dette er eit løyve til å byggje avkøyrsla. Når avkøyrsla er ferdig bygd vil vi kontrollere at den er bygd i samsvar med dei krav vi har sett til utforming, før vi gjer eit evt. løyve til bruk av avkøyrsla.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller til firmapost-vest@vegvesen.no , som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan
Krav til utforming av avkøyrslé
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslé

Statens vegvesens saksnummer 17/151455

Melding om opparbeidd avkøyrslø


Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 414, hp 1, km 3592, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 07.12.2017.

.....
Sted/dato

.....
underskrift søker/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør


Samtykke sendast til: firmapost-vest@vegvesen.no




KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017



LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

